

Vedtekter for FAU på Straumen skule

Godkjent av FAU 11.09.2024

§ 1– Foreldrerådet og Foreldrerådets arbeidsutval (FAU)

Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) skal fremja fellesinteresser til foreldra, vera bindeleddet mellom foreldra og skulen, og jobbe mot eit godt læringsmiljø for alle elevar. FAU har informasjonsplikt overfor alle foreldre. På vår skule informerer FAU foreldra på følgjande måtar:

- Visma
- Skulen sine sosiale medier
- Klassane sine sosiale medier

§ 2 – Val av Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)

Som foreldre til elev på skulen, er alle foreldra automatisk medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet vel så eit arbeidsutval, 2 personar frå kvar klasse (klassekontaktar), som utgjør arbeidsutvalet (FAU). FAU-representantane vert valde på årsmøtet om våren. På årsmøtet vert òg foreldra til førskuleborna invitert, og dei vel sine FAU-representantar (klassekontaktar) innan møte.

- Ved val av nye klassekontaktar skal det veljast to representantar frå kvar klasse. Begge klassekontaktane er oppfordra til å møte på FAU sine møte, men ved avstemming tel kun 1 stemme pr. klasse.
- Det er ønskjeleg at det kjem inn både kvinneleg og mannleg representant frå kvar klasse.
- Klassekontaktane vert velde for 2 år.
I 1. klasse veljast det ein representant for eitt år, og ein representant for to år.
- Utgåande klassekontaktar skal melde frå om nye medlem til FAU-leiar, slik at FAU-gruppa alltid er oppdatert på sosiale medier/e-postlister/tlf-lister

§ 3 – Konstituering av FAU og val til andre utval

FAU konstituerer seg ved at FAU-representantane vel leiar, nestleiar, kasserar og sekretær. (FAU vel to representantar med personlige vararepresentantar til samarbeidsutvalget (SU)? Usikkert korleis SU skal organiserast framover, 01.10.24), og representant til TKFU. Leiaren for FAU skal vera ein av representantane i SU (dersom SU held fram).

§ 4 – Komitear og fokusgrupper

FAU på Straumen Skule har tradisjon for å ha undergrupper av FAU som jobbar mot aktuelle aktivitetar. Til eksempel har Straumen Skule «17-maikomitê» og «6-7-klassetur».

17-maikomitê

17-maikomiteen er sett saman av samtlege foreldre i 4. og 5. klasse. Komiteen har eigen instruks for sine oppgåver.

7-klassetur (med oppstart i 6. klasse)

Elevgruppa i 7. klasse reiser på klasseseturen våren i 7. klasse. Klasseseturen skjer etter elevane sitt ønske, og klassen reiser på inntente pengar frå ulike elevaktivitetar.

Klasseseturen skal strekkje seg etter gratis-prinsippet i skulen, slik at alle elevar kan delta. For å samle inn pengar, har klassen samarbeid med bygdelaget i Skjoldastraumen i perioden vår 6. klasse til vår 7.klasse.

Faste arrangement er:

- Kiosk på sluseløpet
- Kiosk og sal av julepynt på julegrantenninga
- Kiosk og aktiviteter på St.Hans-feiring på Notaflo
- Slusedag

I tillegg har klassen inntening gjennom is-sal på 17.mai, og flaggheising gjennom året i 7. klasse. Klassen står fritt til å selje egne handlagde produkt eller tenester i perioden.

Rektor deltek på foreldremøte i 6. klasse for å orientere om krava til fagleg innhald og fråvær frå skulen knytt til klasseseturen.

§ 5 - Møter

FAU har møte omlag åtte gonger årleg.

Ekstraordinære FAU-møter kan haldast når 1/3 av medlemmane krev det.

FAU-møte vert leia av leiar, og sakene skal alltid vera kjend for både FAU og resten av foreldrerådet (alle foreldre).

Innkalling og sakliste skal leggjast på klasesidene i god tid, og referat etter møtet vert publisert på Straumen skule si side på Tysvær kommune sine heimesider.

Saker som behandlas i FAU er vedtaksdyktige dersom 2/3 av FAU er til stades, og alle klassane er representert.

Møte skal leggjast opp til å vare i 1,5 time.

Dato for neste møte vert sett ved møteslutt.

§ 6 – Oppgåver

FAU sine oppgåver vert sett i verk etter behov, anten frå foreldre, elevrådet eller administrasjonen på skulen.

§ 7 – Økonomi

Det er eit grunnleggjande prinsipp at den offentlege grunnskuleopplæringa skal vera gratis. FAU kan likevel motta bidrag i form av pengegåver eller dugnadar.

Pengegåver, eller andre bidrag til FAU skal vera friviljuge og anonyme, og skal koma alle elevane til gode. FAU har disposisjonsrett over pengar som kjem inn, og skal sørge for god kontroll med inntekter og utgifter. Rekneskap skal leggjast fram på siste FAU-møte om våren (årsmøte)

§ 8 – Teieplikt

Foreldrerepresentantar er automatisk underlagt teie-plikt. FAU skal ikkje handsame saker som dreier seg om enkeltpersonar, enkeltelevar, enkelt-foreldre eller skulen sine tilsette.

§ 9 – Konflikthar i FAU

FAU skal vera eit samlande utval med fokus på det beste for alle elevar. Det er viktig at det er høgd for ueinighet og diskusjon i FAU. Dersom det oppstår konflikt, skal representantane halde seg saklege, og ha elevane i sentrum.

§ 10 – Rektor si rolle

Rektor har ansvaret for å leggje til rette for eit godt heim-skule-samarbeid. Det inneber blant anna å sørge for god kommunikasjon med foreldre, både enkeltvis og gjennom FAU. FAU er foreldra sitt organ, men det kan vera nyttig å få informasjon direkte frå skulen si leiing. Rektor deltek på FAU sine møter når det høver.

§ 11 – Samarbeid mellom FAU og andre utval på skulen

FAU skal samarbeide med elevrådet, Samarbeidsutvalget (SU) og skule-leiinga. Dersom det er høve for å ta opp enkeltsaker eller diskutere løysingar, bør dette skje gjennom FAU-leiar og rektor.

§ 12 – Endring av vedtektene

FAU sine vedtekter vert sett av FAU. Dersom det er høve for å endre ei vedtekt, krev det 2/3- fleirtal i FAU der alle klassane er representert. Ei endring av vedtekt skal handsamast som eiga sak på FAU-møte. Eventuelt kan endringar handsamast som årsmøte-sak.

§ 13– Årsmøte

På Straumen vert siste vårmøte/årsmøte halde på våren. Heile foreldrerådet (alle foreldre) skal inviterast (inkludert komande 1.klasse-foreldre)

Vanlege årsmøtesaker skal leggjast fram.

- Årsmelding - kva FAU har jobba med det siste året
- Gå gjennom reknskapen og evt budsjett
- Årshjul for aktivitetane i FAU
- Val av nytt FAU